



Turid Rognsvåg stod for beste resultatet for Os OK i pokalløpet på Fløyen tysdag. (Privat foto)

Markerer seg i pokalkampen

Tysdag stilte Os Orienteringsklubb med sju deltakarar i pokalkampen. Neste runde arrangerer dei sjølve i Askvik.

Kenneth Svenningsen kenneth.svenningsen@osofusa.no

Publisert 08.06.2016 kl. 15.01. Oppdatert kl. 15.11.

Pokalkampen er den største lagserien i orientering i Hordaland. Totalt vert det arrangert sju rundar. Tysdag gjekk den fjerde. Arrangør var Varegg IL. Løypa var lagt til Fløyen.

- Me stilte med sju utøvarar. Det er me rimeleg godt nøgde med. Det viktigaste for oss no for tida er å vera med og profilera oss som klubb, seier sportlseg leiar i Os OK, Espen Rognsvåg.

Han sprang sjølv inn til sjuandeplass i klassen for herrar 17 år og oppover.

- Det er eg godt nøgd med. Det var ei tøff og krevjande løype. Kring 4,3 km lang, fortel Rognsvåg.

Etter fire rundar ligg Os OK på niandeplass i pokalkampen. Fana IL leiar.



Espen Rognsvåg og Håvard Austevoll vart nummer sju og 17 i herreklassen.

Sprang litt feil

Klubbens nye løpsfantome´, Håvard Austevoll, var svært så ivrig på å gjera ein ny, god innsats for Os OK. Det gjorde han for såvidt også, men motbakkeløparen sprang litt feil i starten og måtte dermed seia seg nøgd med ein 17. plass.

- Farten hans er det ingenting å seia noko på. No er det berre å få han til å orientera seg godt nok, ler Espen om svoger Håvard.

Kalandseidet-guten er nemleg kjærast med Espens søster Ingunn.

Men best av Os OK sine utøvarar var nok ein gong Espens mor, Turid Rognsvåg. Ho gjore eit svært godt løp og enda som nummer tre i klassen for damer 50+.

Første skogsløp

Det femte pokalløpet denne sesongen er det Os OK som står som arrangør for. Løpet går i Askvik 16. august.

- Det blir første gong me står som arrangørar for eit skogsløp. Me tek stadig nye steg, både når det gjeld å hevda seg i konkurransar, og som arrangørklubb, slår Espen fast.

